



## Nytt frå Leve heile livet-arbeidet i Vestland

*Februar 2022: I dette brevet får kommunane i Vestland nyttig informasjon om Leve heile livet-arbeidet frå Statsforvaltaren, KS, USHT, Vestland fylkeskommune og fylkeseldrerådet. Det regionale støtteapparatet skal støtte kommunane i gjennomføring av reforma. På grunn av pandemien er reforma forlenga til 2024. Det er stor variasjon i kor langt kommunane i Vestland har kome i gjennomføringa. Vi har hatt digitale dialogmøte med mange av kommunane i Vestland, men det er framleis nokre som vi endå ikkje har møtt. Vi minner om at det framleis er mogeleg å melde interesse for dialogmøte, og vi ser fram til det vidare samarbeidet om reformarbeidet.*

### Kompetansehevande tiltak for lindrande behandling og omsorg

**Tilskotet skal styrke kvaliteten i tilbodet til pasientar som treng lindrande behandling og omsorg.** Kommunar i Vestland og Rogaland kan søkje. Søknadsfrist er 1. mars, og fristen for rapportering for tildelt tilskot i 2021 er 1. april 2022. [Les meir om og søk på heimesida til Statsforvaltaren.](#)

### Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot

**Tilskotet skal bidra til kompetanseheving og innovasjon for å styrke kommunane si evne til å møte framtidens utfordringar på helse- og omsorgsfeltet, med berekraftige og gode tiltak og tenester.** Søknadsfristen er 15. mars, og det same er rapporteringsfristen for tilskot motteke i 2021. [Les meir og søk på heimesida til Statsforvaltaren.](#)

### Tilskot til kommunalt frisklivsarbeid 2022

**Vestland fylkeskommune vil primo mars lyse ut støtte til etablering eller utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbod.**

I fordeling av midlar vil kommunar som er i gong med omstilling i tråd med Leve heile livet-reforma bli prioritert. [Meir informasjon og oppdatert utlysing for 2022 vil de finne på fylkeskommunen sine nettsider.](#)

### Webinar om velferdsteknologi 10. mars

**På webinarret får du mellom anna høyre om korleis velferdsteknologi kan bidra til at eldre kan bu lenger heime.** [Påmelding og meir informasjon finn du hos Statsforvaltaren.](#)

### Tørn-prosjektet ser på ny organisering av omsorgstenestene

**Forsøket skal bidra til å auke heiltidsandelen og andelen medarbeidarar med formell helsefagleg kompetanse.**

KS driv prosjektet på oppdrag frå Helsedirektoratet, og ser på utprøving av ny organisering av arbeidet i omsorgstenestene. Dette for å bruke dei tilgjengelege personellressursane på best mogleg måte, til det beste for brukarane. Per februar 2022 er tolv kommunar engasjerte i forsøk i regi av Tørn, og fleire skal det bli utover året. [Meir informasjon kjem på ks.no om moglegheita for å bli med.](#)

## Fylkeseldrerådet vil invitere alle eldreråd til samling

**Samlinga for alle kommunale eldreråd er planlagt 12.-13. september 2022.**

Leve heile livet-reforma vil vere eit sentralt tema på samlinga. Invitasjon vert sendt ut så snart program er fastsett.

## USHT følgjer opp kommunane

USHT-ane i Vestland og i Helse Fonna er samarbeidspartar i e-helse Vestland. Prosjektet er interessert i å få fleire kommunar med på å skape ein kraftregion for bruk av teknologi i helse- og omsorgstenestene. [Les meir på nettsida til e-helse Vestland.](#)

### USHT Vestland (Hordaland)

- Arrangerer **læringsnettverk demensforløp** 2022-2024. Vi planlegg oppstart i september med seks samlingar over to år (fysiske og digitale). Sjå [Veiviser demens](#) og prognose for demensutvikling på [www.demenskartet.no](http://www.demenskartet.no). Informasjon og invitasjon kjem før påske. Kontakt Sønnøve Teigen, [sonnove.teigen@bergen.kommune.no](mailto:sonnove.teigen@bergen.kommune.no)
- Tilbyr alle kommunane opplæring i:
  - [Demensomsorgens ABC](#)
  - [Mitt Livs ABC](#)
- Tilbyr informasjon og opplæring i ulike metodar i **Personsentrert omsorg**, som til dømes:
  - [VIPS praksismodell](#)
  - [TID-modellen](#)
  - [Musikkbasert miljøbehandling](#)
- Gjennomfører **nettverksamlingar vår og haust for ABC-kontaktar** i kommunane.
- Arrangere fagdagar i mai og november.
- Arrangerer månadlege lunsjseminar, med merksemd på [Trygghetsstandard i sykehjem](#), med oppstart i mars.
- Samarbeidspart i satsinga «[Gode pasientforløp](#)», i regi av KS og FHI. Første samling er i april, og læringsnettverket består av fire samlingar fordelt på 18 månader.
- Skal delta i KS sitt [Læringsnettverk for tenester til menneske med utviklingshemming](#). Første samling er 28. februar og 1. mars.
- Bidra i samarbeid knytt til [Velferdsteknologiens ABC](#), oppdrag fra seksjon for E-helse i Byrådsavdeling for eldre, helse og frivillighet i Bergen kommune, med oppstart i januar.
- **Samarbeide om spreiiing av velferdsteknologiske løysingar**, som [e-helsearena HVL](#) og andre digitale helsetenester på [Alrek Helseklynge](#)
- Sjå oppdatert handlingsplan på [USHT Vestland \(Hordaland\) si heimeside](#)

## USHT Vestland (Sogn og Fjordane)

- **Læringsnettverk for systematisk oppfølging av personar ramma av demenssjukdom:** Planlagt oppstart september 2022. Informasjon og invitasjon kjem før påske. Kontakt Toril Marie Terum, [toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no](mailto:toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no)
- **Personsentrert omsorg:** Vi tilbyr VIPS-basiskurs, [les meir om det her](#). Kontakt Toril Marie Terum, [toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no](mailto:toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no)
- **Fagnettverket innan eldremedisin/eldreomsorg:** Overordna tema 2021-2023 er observasjonskompetanse. Digital samling 31. mars, tema «Delir hos eldre». Kontakt Marta Strandos, [marta.strandos@sunnfjord.kommune.no](mailto:marta.strandos@sunnfjord.kommune.no)
- **Læringsnettverket Gode pasientforløp:** USHT rettleier teama utover våren. Fjerde samling er 31. august - 1. september. Kontakt Marta Strandos, [marta.strandos@sunnfjord.kommune.no](mailto:marta.strandos@sunnfjord.kommune.no)
- **KlinObsKommune:** Vi tilbyr opplæring i klinisk observasjonskompetanse - teori og praktiske øvingar. Det blir sendt ut informasjon og invitasjon til påmelding for våren. [Les meir på heimesida](#). Kontakt Berit Ullebust, [berit.helen.ullebust@sunnfjord.kommune.no](mailto:berit.helen.ullebust@sunnfjord.kommune.no)
- Vi minner om tilbodet vi har innanfor ABC kompetanseheving. [Les meir på vår heimeside](#).
- Sjå heimesida til [USHT Vestland \(Sogn og Fjordane\)](#) for andre aktivitetar.

## USHT Helse Fonna

- **Nettverk i systematisk oppfølging av personar med demenssjukdom og deira pårørande:** Vi tilbyr i 2022 alle kommunane i området vårt å delta i nettverket. Vi vil arrangere fleire workshops i nettverket der utgangspunktet er: Korleis er den systematiske oppfølginga til personar med demens i din kommune? Om kommunen din ønskjer meir informasjon om dette, ta kontakt med [ida.elisabeth.gaard@haugesund.kommune.no](mailto:ida.elisabeth.gaard@haugesund.kommune.no)
- **Kurs for pårørande til personar med demenssjukdom:** Vi arrangerer i april/mai eit nytt kurs for pårørande til personar med demenssjukdom. [Følg med på heimesida vår](#), eller Facebook-sida for tidspunkt.
- **ABC kompetanseheving:** Vi tilbyr å arrangere ABC-kompetanseheving til alle kommunar i nedslagsfeltet vårt på førespurnad. Det gjeld ABC musikkbasert miljøbehandling, mitt livs ABC, eldre- og demensomsorgens ABC. Er kommunen din interessert i ABC kompetanseheving, ta kontakt med [olaug.hindal@haugesund.kommune.no](mailto:olaug.hindal@haugesund.kommune.no)
- **Nettverk og kursrekkje innanfor etikk og refleksjon:** Vi vil i løpet av 2022 tilby dette til kommunane våre, [følg med på våre heimesider for meir informasjon](#).
- **Utviklingskonferanse, med hovudfokus på Leve heile livet** blir arrangert i 2022. Meir informasjon kjem på nettsida vår.

## Ein bustad for heile livet – bustadkonferanse i Bergen 31. mai

Konferansen er relevant for kommunesektoren, utbyggjarar og andre aktørar som er sentrale i å bidra til at vi har bustad som er eigna for eldre år. [Les meir på nettsida til Statsforvaltaren.](#)

## Partnerskap for radikal innovasjon (PRI)

Konsekvensane av dei demografiske endringane krev av vi jobbar saman på nye måtar, og vi treng systemretta innovasjonsarbeid for å utvikle nye løysingar som monnar.

KS Partnerskap for radikal innovasjon (PRI) har mandat og ambisjonar om å få til berekraftige endringar, saman med andre sentrale aktørar, som kommunane. PRI har sett i gang fleire prosjekt, mellom anna «Velferd er en fellesoppgave», der vi utforskar nye måtar å skape velferd på. Korleis kan nye oppgåver, roller og ansvar vere med på å avlaste velferdstenester? Korleis kan vi mobilisere ressursane som allereie finst i samfunnet og legge til rette for verdiskaping på nye måtar? Dette er nokre av spørsmåla som blir stilt, og som det blir jobba med framover. [Les meir på heimesida til KS.](#)

## Det regionale støtteapparatet i Vestland

*Det regionale støtteapparatet for Leve heile livet er Statsforvaltaren, Kommunenens sentralforbund (KS) og Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT). I tillegg er fylkeseldrerådet i Vestland, Senter for omsorgsforskning, Vestland fylkeskommune og helseføretaka Helse Førde, Helse Bergen og Helse Fonna med i koordineringsgruppa.*

- **Statsforvaltaren i Vestland**  
Åse Vaag – [fmhoava@statsforvalteren.no](mailto:fmhoava@statsforvalteren.no)  
Anne Eli Wangen – [fmsfaew@statsforvalteren.no](mailto:fmsfaew@statsforvalteren.no)  
[Statsforvaltaren i Vestland si heimeside](#)
- **KS**  
Leni Klakegg - [Leni.klakegg@ks.no](mailto:Leni.klakegg@ks.no)  
[KS si heimeside](#)
- **USHT Vestland (Sogn og Fjordane)**  
Marta Strandos – [marta.strandos@sunnfjord.kommune.no](mailto:marta.strandos@sunnfjord.kommune.no)  
[USHT Vestland \(Sogn og Fjordane\) si heimeside](#) og [Facebook-side](#)
- **USHT Vestland (Hordaland)**  
Kari Sunnevåg – [kari.sunnevag@bergen.kommune.no](mailto:kari.sunnevag@bergen.kommune.no)  
[USHT Vestland \(Hordaland\) si heimeside](#) og [Facebook-side](#)
- **USHT Helse Fonna**  
Ida Elisabeth Gaard [ida.elisabeth.gaard@haugesund.kommune.no](mailto:ida.elisabeth.gaard@haugesund.kommune.no)  
[USHT Helse Fonna si heimeside](#) og [Facebook-side](#)
- **Vestland fylkeskommune**  
Else-Marie Brobakke Aarø – [else-marie.brobakke.aaro@vlfk.no](mailto:else-marie.brobakke.aaro@vlfk.no)  
[Vestland fylkeskommune si heimeside](#)
- **Fylkeseldrerådet i Vestland**  
Harald Ekroll – [harald.ekroll@enivest.net](mailto:harald.ekroll@enivest.net)